Høgre valets store vinnar i Uskedalen, Venstre-katastrofe

13.09.2011

Gunn Mari Moberg skålar i vatn for ein stor siger

Høgre gjorde eit brakval også i Kvinnherad med 32 prosent av røystene medan Arbeidarpartiet stoppa på 25,7.
Men enda betre gjorde partiet det i Uskedalen der leiar Gunn Mari Moberg kunne kassera inn 41,6 prosent mot 17,3 ved det førre valet.
Også Arbeidarpartiet gjekk fram i vår bygd - frå 20,9 til 24,7.

Den store taparen vart Venstre som kom i mål på 7,7 etter å ha nådd 23,3 for 4 år sidan.

Moberg sa til uskedalen.no i natt at ho ikkje hadde venta ein slik oppslutnad og det hadde heller ikkje ordførarkandidat Leif Sverre Enes som erklærte at han var mållaus på grunn av suksessen.

- Sjølv ikkje dei mest optimistiske venta eit slik brakval, sa Enes som vi stilte dette spørsmålet:
- Kven skal du no fri til for å få fleirtal?
- Kanskje er det nokon som kjem og frir til oss. Det er enno ein veg å gå for å danne eit fleirtal, dette er berre det første steget, svara valvinnaren.

Andre minte om at Høgre gjorde det enda skarpare enn i Uskedalen i den tradisjonelle Sp-bygda Omvikdalen med utrulege 59 prosent av røystene.

Høgreveteran Arne Havnerås kalla det som har skjedd eit signal til det sittande styre på bakgrunn av aktuelle saker som eigedomsskatt og skule. Den siste aksjonen kan også ha spela inn.

Dei fleste tips inatt går ut på at det er Kristeleg Folkeparti som sit med nøkkelen til ein ny koalisjon som ellers består av Høgre og Framstegspartiet. Men KrF-leiinga vil sikkert ikkje selja seg billig og ønskjer dei samarbeid med Holmedal i Frp?.

Venstre og ordførarkandidat Kjell Yri frå Uskedalen måtte altså tåle eit katastrofeval og var naturleg nok svært vonbroten over det. Men han viste til både Utøya-vind og Høgrevind oiver landet. Høgre har etter hans meining klart å mobilisere veljarane i ein utruleg grad.

Yri hadde venta ein viss tilbakegang, men ikkje så stor som denne. Han finn det utruleg at hans eigen bygd ikkje støttar han på bakgrunn av gjennomførte prosjekt og har no mista gnisten med omsyn til nye tiltak.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

Ein vonbroten Kjell Yri blir intervjua av Grendas Morten Nygård